

Næringsretta strategi for forskning og utvikling i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutval for plan og næring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget vedtek framlegget til næringsretta FoU-strategi for Sogn og Fjordane.

Prenta vedlegg:

Framlegg til næringsretta FoU strategi for Sogn og Fjordane

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Strategien er avgrensa til tema næringsutvikling. Dei politiske problemstillingane er samanfatta i kap 1-6 i dokumentet. Ein meir omfattande omtale er lagt som vedlegg (kap7).

Visjonen er formulert slik : **FoU skal sikre velferda til nye generasjonar i fylket.**

Arbeidet skal utviklast gjennom to typar innsatsområde:

- Mobilisere bedrifter til å definere eigne FoU-behov.
- Sikre eit systematisk og langsiktig FoU-arbeid innanfor prioriterte bransjar.

2. BAKGRUNN

Hovudutval for plan og næring vedtok i sak 30/08 å utarbeide ein FoU-strategi for Sogn og Fjordane. Arbeidet vart forankra i samarbeidsprosjektet mellom Forskningsrådet, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Undervegs i arbeidet vart det klart at ei ordning med regionale forskingsfond ville bli etablert frå 2010. Det vart vedteke, etter samråd med Hovudutval for plan og næring, at det oppstarta strategiarbeidet vart fullført som planlagt med avgrensing til tema næringsutvikling.

Arbeidsgruppa som har utarbeida framlegget har vore samansett slik:

Heidi Kathrin Osland (leiar), Georg Arnestad, Lars Hustveit, Vidar Grønnevik og Dag Lothe. Vemund Aartun deltok i siste fasen av arbeidet.

Næringsliv, forvaltning og forskingsmiljø vart trekte med i arbeidet gjennom eit arbeidsseminar våren 2009 for å kartlegge FoU-utfordringane i bedriftene, udekka kompetansebehov og flaskehalsar for nyskaping.

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Framlegget har i denne omgangen ikkje konsekvensar for økonomi eller personell. Fylkesrådmannen sluttar seg til vurderingane i kap 7.7 når det gjeld organisering og ansvarsplassering og utarbeiding av handlingsplan med budsjett. Strategidokumentet ligg ved.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget vedtek framlegget til næringsretta FoU strategi for Sogn og Fjordane.